

Fra: Dag Sandvik <dag.sandvik@dnt.no>
Sendt: tirsdag 22. februar 2022 22:34
Til: Postmottak Alver; Line Thuen Waage
Kopi: Helene Ødven; Gunvar Mikkelsen FNF
Emne: Tillegg til FNF sin uttale til KPS

Hei,

FNF sende (på vegne av m.a. Bergen og Hordaland Turlag) inn høyringsuttale til KPS i Alver. Her kom det dessverre ikkje med to korte avsnitt, som Bergen og Hordaland Turlag ettersender her.

1. Nasjonalpark

Under første hovudmål i tabellen på side 14-16 står følgande delmål: *Alver sikrar naturverdiar og naturmangfald, og tek vare på verdifulle kulturlandskap, kulturmiljø og landbruks- og friluftsområde.* Her håper me Alver kommune vil legge til følgande «vegval»: *Alver ønsker å ta del i arbeidet med å kartlegge dei positive verknadene av oppretting av den føreslåtte nasjonalparken i kommunen, vurdere korleis ein kan komme eventuelle negative verknader i møte, og slik bidra til å realisere eit av dei viktigaste nasjonale tiltaka for å ivareta naturmangfaldet.*

2. Eit klart nei til naturøydeleggande vindkraft

Vestlandet har vore plaga av ei svært intensiv vindkraftutbygging i nokre av våre viktigaste naturområde, og det er no på tide at å ta ein stopp i denne utviklinga for å finne andre moglegheiter. Alver listar opp m.a. to store fordelar dei sit på:

- *Vi har eit internasjonalt næringsliv, som er på full fart inn i det grønne skiftet.*
- *Vi har ein fantastisk natur, som er lett tilgjengeleg og inviterer til aktivitet.*

Utan ein medviten og tydeleg formulert kopling av desse to, kan naturen fort verte skadelidande. FNF/BHT tilrår difor at kommunen å seie nei til vindkraft i naturområde i neste kommuneplanperiode, og til å jobbe for nettutbygging som balanserer omsynet til eit nærlingsliv i det grønne skiftet, med den fantastiske naturen i Alver. Klare overordna prioriteringar på dette feltet er også eit gode for lokalsamfunnet som slepp forhalda seg til det store konfliktnivået slike saker medfører.

Beste helsing

Dag Sandvik
Naturvernansvarleg
Bergen og Hordaland Turlag